



# Kvalitetsplan mot mobbing

---

*Bryne skule 2018-2019, revidert august 2018*

## INNHALD KVALITETSPLAN:

- s. 2 Introduksjon av verksemda  
Programerklæring
- s. 3 Kva er mobbing?  
Kvalitetsprogrammet
- s. 4 Oversikt over rapporteringsansvar
- s. 5 Olweus-standard
- s. 6 Strategiplan ved mistanke om mobbing
- s. 7 Tiltak for å hindra mobbing
- s. 8 Plan for Olweusarbeidet i klassane på Bryne skule
- s. 10 Vedlegg
  - Opplegg på trinn
  - Tips for å hindra mobbing



## INTRODUKSJON AV VERKSEMDA

Bryne skule er ein 1-7 skule med om lag 470 elevar. Skulen ligg i Bryne sentrum og er i stor vekst.

Skulen har ei stor SFO-avdeling med om lag 150 born.

Det er eit fargerikt fellesskap på skulen vår. Om lag 20% av elevane har annan kulturell bakgrunn og anna morsmål enn norsk.

Det er opp mot 40 pedagogar som har arbeidsplassen sin på Bryne skule, i tillegg er det fagarbeidarar og miljøarbeidarar.

Skulen si leiing består av rektor, assisterande rektor, to undervisningsinspektørar, dagleg leiar i SFO og ein administrasjonskonsulent.

Skulen har sidan 2003 nytta Olweus sitt antimobbeprogram som reiskap i antimobbearbeidet. I 2010 vart skulen ein sertifisert Olweus-skule.

Skulen sin visjon er:

”Me vil gje elevane lyst på livet og evne til å meistra det”. Denne visjonen skal og prega arbeidet vårt i forhold til arbeid med elevane sitt læringsmiljø.

*I mai 2017 vart det gjennomført ny revisjon, og då fekk skulen ny sertifisering som gjeld fram til juli 2020.*

Det er leiinga ved skulen som utgjer skulen si Olweusgruppe og som saman skal sikra at skulen sitt antimobbearbeid skjer etter intensjonane i Olweusprogrammet.

## PROGRAMERKLÆRING

Bryne skule har null-toleranse overfor mobbing og antisosial åtferd.


Målet med antimobbearbeidet er at skulen skal vera ein god plass å vera for alle elevar. Alle elevane, uavhengig av kjønn og nasjonalitet, skal kjenna seg trygge og trivast på skulen.

Heile personalet skal saman gjennomføra og sikra Olweusprogrammet. Skulen sitt mål er at ingen elevar skal bli mobba. Me trur at alle mobbesaker kan løysast.

§ 9a-3 i Opplæringslova handlar om det psykososiale miljøet til elevane. Denne lovparagrafen forpliktar oss til å driva eit aktivt og systematisk arbeid for å fremja eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleva tryggleik og sosial tilhørigheit.

## KVA ER MOBBING?

~~mobbing~~



Definisjonen på mobbing er:

*«Ein elev er mobba eller plaga når han eller ho gjentekne gonger og over ei viss tid, vert utsett for negative handlingar frå ein eller fleire andre personar, og han/ho som vert mobba, har vanskar med å forsvare seg.» (D. Olweus)*

Mobbing er kjenneteikna ved:

- aggressiv eller «vondsinna» åtferd
- som vert gjenteke over ei viss tid
- ofte prega av fysisk eller psykisk ubalanse i maktforholdet mellom den som blir mobba og den/dei som mobbar

Mobbinga skjer ofte utan nokon openbar provokasjon frå offeret si side.

## **KVALITETSPROGRAMMET**

Skulane er pålagde å ha internkontroll jamfør Opplæringslova § 9-4, og har utarbeidd denne kvalitetsplanen.

Planen er laga med utgangspunkt i Olweus-programmet og System for Kvalitetssikringa av Olweus-programmet. Det er utvikla prosedyrar ein skal bruka ved mistanke om mobbing, samt for situasjonar der mobbing skjer.

Alt arbeidet skulen gjer, blir skriftleg dokumentert. Dersom det vert avvik, er det rutinar for korleis dette skal handterast.

## OVERSIKT OVER RAPPORTERINGSANSVAR

Aktivitet	Ansvar for rapportering	Tidspunkt
Sjekkliste rektor	Rektor/inspektør	Ved slutten av skuleåret
Sjekkliste kontaktlærer, levera inn perm til sosiallærer	Kontaktlærer, sosiallærer	Desember og mai
Referat Olweus klasse møte	Kontaktlærer	Rett etter gjennomført møte
Sjekkliste personal møte, haust	Rektor/sosiallærer	Rett etter gjennomført møte
Referat samtalegruppe	Gruppeleiar	Rett etter gjennomført møte
Introduksjonskurs for nytilsette	Olweus-instruktør	Hausten
Referat introduksjonskurs for nytilsette	Olweus-instruktør	Rett etter gjennomført kurs
Sjekkliste elevråd	Kontaktlærer for elevråd	Rett etter gjennomført møte
Melding om avvik	Den som oppdagar avviket	Umiddelbart
Avvikshandsaming	Rektor	Ved behov
Sakshandsaming § 9a	Rektor	Ved behov
Aktivitetsplan	Rektor, kontaktlærer	Når ein får varsel om/mistanke om mobbing

Det er viktig at ein har ei trygg og god sakshandsaming i mobbesaker, og skulen har rutinar og prosedyrar som skal kvalitetssikra dette arbeidet. Det er forvaltningslova som er gjeldande i dette arbeidet.

Når skulen får varsel om at ein elev ikkje har eit godt skulemiljø, har skulen ei aktivitetsplikt. Det skal i løpet nokre få dagar, lagast ein aktivitetsplan. Dersom føresette ikkje er tilfredse med skulen sin aktivitetsplan, kan dei klaga saka direkte inn til

Fylkesmannen som fattar enkeltvedtak i dei ulike sakene.

Alle sakene vert arkiverte og journalførte.

På nettsida [www.nullmobbing.no](http://www.nullmobbing.no) finn ein meir informasjon.

## OLWEUS-STANDARD

TILTAK	TID	ANSVAR	DOKUMENTASJON
1. To gonger i året skal det arrangerast personalmøte der hovudelementa i det tidlegare og framtidige antimobbearbeidet blir gjennomgått og diskutert	PU-tid haust og vår	Leiinga	Referat
2. Det blir gjennomført 5 pedagogiske samtalegrupper for personalet i løpet av året	3 haust 2 vår	Leiinga	Referat
3. Det blir halde minst ein dags innføringskurs om Olweusprogrammet for nytilsette	Haust	Olweusgruppa i kommunen	Referat
4. Det blir gjennomført undersøking med Olweus spørjeskjema om mobbing blant elevane ein gong i året	Februar	Sosiallærer/inspektør og kontaktlærarane	Oppsummering av undersøkinga frå Olweusgruppa sentralt
5. Inspeksjonsplanen blir gjennomgått, kritisk vurdert og eventuelt revidert minst ein gong i året	August	Rektor	Laminert lapp til dei som går vakt med inspeksjonsreglar
6. Lærarane og resten av personalet gjer aktivt bruk av dei fire skulereglane mot mobbing og handhevar dei så konsekvent som mogleg <b>Reglane er:</b> - Vi skal ikkje mobba andre - Vi skal prøva å hjelpa elevar som vert mobba - Vi skal også vera saman med elevar som lett blir åleine - Dersom vi veit at nokon blir mobba, skal vi fortelja det til dei vaksne på skulen eller til dei vaksne heime	Kontiuertleg	Alle	Reglane skal henga i alle klasseromma.
7. Trinna har minimum 2 Olweusmøte i elevgruppa pr. månad om mobbing og liknade tema	To gonger pr. mnd	Kontaktlærarane	Referat skal samlast i perm og leverast inn 2 gonger i året
8. Mobbing blir tatt opp som tema på minst 2 elevrådsmøter pr. år	Haust og vår	Kontaktlærer for elevråd	Referat skal leverast inspektør (Elin)
9. Mobbing skal vera tema i dei faste elevsamtalane	Haust og vår	Kontaktlærarane	Elevsamtalskjemaet
10. Dei føresette blir halde godt orienterte om skulen sitt førebyggjande og problemløysanse antimobbearbeid, minst på 1 trinnforeldremøte pr. år, i dei faste utviklingssamtalane og i FAU. Anitmobbearbeidet er og tema på foreldremøte for nye førsteklasseforeldre	Vår og haust	Kontaktlærarane Leiinga	Referat
11. Skulen skal kjenna og bruka dei prosedyrane som er lista opp i Olweus-programmet og som skal brukast i arbeidet med mobbesaker	Kontinuerleg Informasjon til nytilsette	Kontaktlærarane Leiinga	Ved avvik skal skjema for avviksbehandling leverast til rektor
12. Rektor lagar aktivitetsplan etter at ein har fått varsel om at ein elev melder om mobbing eller andre krenkingar.	Ved behov	Rektor	Kopi av aktivitetsplanen

## STRATEGIPLAN VED MISTANKE OM MOBBING

*Punkta under er retningsgjevande for arbeidet vårt for å hindra mobbing. Me må likevel i alle saker utøva profesjonell tvil samt profesjonelt skjønn. Dette blir og poengtert i Å høre til, NOU 2015:2 (Djupedalsutvalget)*

1. Kontaktlærer snakkar kort med dei involverte elevane ein og ein. Kontaktlærer skriv notat frå desse samtalarane (bruk mobbe-skjema) og legg desse notata i Olweus-permen. Elevane kan eventuelt sjølv i tillegg skriva ned deira versjon av hendinga/hendingane. I tillegg til samtalar med involverte partar, gjennomfører ein observasjonar av elevane i både timar og friminutt.
2. Etter at undersøkingane er gjennomførte, må ein vurdere; er dette mobbing eller er det noko anna?

**Dersom det er mobbing, må ein gjera fylgjande:**

*(Dei neste punkta kan kontaktlærer, sosiallærer, rektor eller kontaktlærer i samarbeid med sosiallærer og rektor ta ansvar for.)*

3. Samtale med den som er utsett for mobbinga. Her må den mobbeutsette få lov til å fortelja kva som har skjedd. I tillegg må den mobbeutsette få vita kva som kjem til å skje vidare. Føresette til den om har blitt mobba, må kontaktast. Hugs notat frå samtalen. Dette notatet skal inn i Olweus-permen, samt kopi i elevmappa.
4. Alvorleg konfronterande samtale med den/dei som mobbar. Samtale med ein om gongen der ein fortel kva som vil skje vidare. I denne samtalen bør det vera 2 vaksne tilstades. Det skal skrivast referat frå dette møtet (bruk mobbeskjema). Det skal kopi av dette referatet i elevmappa. Informer føresette til mobbarane om kva som har skjedd samt kva som skal skje vidare.
5. Avtal nytt møte, både med den som har blitt mobba og mobbarane. Dette for å forsikra at mobbinga tek slutt.
6. I tillegg må kontaktlærer fylgja opp både den som har blitt mobba samt mobbarane over tid (Spørja etter korleis det går).
7. Dersom tiltaka over ikkje nyttar, må føresette til mobbarane kallast inn til møte på skulen.
8. Rektor skal laga ein aktivitetsplan på grunnlag av henstilling frå føresette, elevar og lærarar.

**Det er dessutan viktig at ein dokumenterer alle samtalar med dei involverte, ikkje med referat, men med korte oppsummeringar.**

#### **TRIVSELSLEIARPROGRAMMET:**

- Skulen er med i trivselsleiarprogrammet. Programmet skal gjennom organisert leik redusere

konflikter, bygge gode vennskapsrelasjonar og fremje vennlegheit og respekt.  
Meir informasjon om programmet finn ein på: [www.trivselsleder.no](http://www.trivselsleder.no)

#### **AKTIVITETSPLAN:**

Dersom tilsette ved skulen får melding om at ein elev ikkje har det greitt eller observerer at ein elev ikkje har det greitt, skal det i samarbeid med føresette og eleven, lagast ein aktivitetsplan. Tiltak i ein aktivitetsplan kan vera:

- Observasjonar
- Samtalar med elevar
- Ekstra oppfølging i friminutt og timar
- Tilrettelegging i forhold til situasjonar som er utfordrande
- Bruk av friminuttssvenn



Tiltak dersom ein elev gjer situasjonen vanskeleg for medelevar kan vera:

- Friminutt til ulik tid, «time-out» i delar av eller i heile friminutt
- Eleven får ha friminutt på eit avgrensa område
- Eleven må vera i ein annan klasse, eventuelt på eit anna trinn, utanfor klasseromma, i ein periode
- Endra eleven si plassering i klasserommet
- Jamlege samtalar med skulen sine sosiallærarar

I alle saker må eleven sine føresette involverast. Føresette skal få moglegheit til å uttala seg før aktivitetsplanen blir laga.

#### **PLAN FOR OLWEUSARBEIDET I KLASSANE PÅ BRYNE SKULE**

	<b>Ansvar for kontaktlærar</b>	<b>Info til føresette</b>
--	--------------------------------	---------------------------

<b>1. trinn</b>	Klassemøte anna kvar veke om mobbing Innføra dei fire mobbereglane Innføra ja-regelen og stopp-regelen Ha mobbing som tema i elevsamtalane og i utviklingssamtalane Fokus på vennskap og god åtferd Evaluera mobbing/trivsel saman med elevane Sjekka at mobbeplakatane heng oppe	Tema på foreldremøte
<b>2. trinn</b>	Klassemøte anna kvar veke om mobbing Repetera mobbereglane Innføra mobbesirkelen Ha mobbing som tema i elevsamtalane og i utviklingssamtalane Bruka ja-regelen og stopp-regelen Fokus på vennskap og god åtferd Sjekka at mobbeplakatane heng oppe Evaluera mobbing/trivsel saman med elevane	Tema på foreldremøte
<b>3. trinn</b>	Klassemøte anna kvar veke om mobbing Repetisjon av mobbereglane og mobbesirkelen Bruka ja-regelen og stopp-regelen Bruka rollespel Enkel mobbeundersøking kvar månad Ha mobbing som tema i elevsamtalane og i utviklingssamtalane	Tema på foreldremøte
<b>4. trinn</b>	Klassemøte anna kvar veke om mobbing. Repetisjon av mobbereglane og mobbesirkelen Ha mobbing som tema i elevsamtalane og i utviklingssamtalane Bruka rollespel Enkel mobbeundersøking kvar månad Olweusundersøking kvart år som skal gjennomgåås i klassane i etterkant	Tema på foreldremøte
<b>5. trinn</b>	Klassemøte anna kvar veke om mobbing. Repetisjon av mobbereglane og mobbesirkelen Tema: Jentemobbing, gutemobbing, digital mobbing Ha mobbing som tema i elevsamtalane og i utviklingssamtalane Enkel mobbeundersøking kvar månad Bruka rollespel Olweusundersøking kvart år som skal gjennomgåås i klassane	Tema på foreldremøte
<b>6. trinn</b>	Klassemøte anna kvar veke om mobbing. Repetisjon av mobbereglane og mobbesirkelen Ha mobbing som tema i elevsamtalane og i utviklingssamtalane Enkel mobbeundersøking kvar månad Bruka rollespel Ha tema jentemobbing, gutemobbing og digital mobbing Olweusundersøking kvart år som skal gjennomgåås i klassane	Tema på foreldremøte
<b>7. trinn</b>	Klassemøte anna kvar veke om mobbing. Repetisjon av mobbereglane og mobbesirkelen Ha mobbing som tema i elevsamtalane og i utviklingssamtalane Enkel mobbeundersøking kvar månad Bruka rollespel Ha tema jentemobbing, gutemobbing og digital mobbing Olweusundersøking kvart år som skal gjennomgåås i klassane	Tema på foreldremøte

<b>Elevrådet</b>	Tema om mobbing på minst 1 møte om hausten og 1 møte om våren. Informera i klassane om antimobbearbeidet Snakka om resultatane av Olweusundersøkinga	
------------------	--	--

## **Forslag til materiell/bøker/filmar:**

### **1. og 2. trinn:**

Materiell: Dragehola (med song, leikeperm), Det er mitt val, Lions Quest

Bøker: Johannes og kjærligheten, Albert og Milla

Filmar: Være venner (NRK super)

Songar: «Stopp, ikkje mobb», La oss være venner, Sabeltall venne sang

Leikar: Bli kjent leikar, namneleik

Zippys venner (dette skal det kursast i skuleåret 17/18)

Anna:

### **3. og 4. trinn:**

Materiell: Det er mitt val, Steg for steg

Bøker: Gummitarzan av Ole Lund Kirkegaard, Ronja Røverdatter av Astrid Lindgren, Harry Potter

Filmar: Være venner, Sånn er jeg og sånn er det (NRK super), Vennskap mot mobbing (Udir), For

the birds (You Tube), Mens du står utenfor, Superdrømmaren av Klaus Hagerup, Johannes Jensen føler seg annerledes

Anna:

Songar: Venner, Kaptein Sabeltann, Vi er barn som har mye å gi

### **5. – 7. trinn:**

Materiell: Det er mitt val, udir.no/mmm, NFF Fair Play, Du bestemmer, Bruk huet

Tema 7. trinn: Førebuing til ungdomsskulen (tankar, følelsar, utfordringar, besøk av lærar, sosiallærar, elevar frå ungdomsskulen, læra seg strategiar for å takla nye vennskap, motgang...)

5. trinn: Rollespel gjennom Ipad (puppet pals)

Bøker: Elsker deg av hele mitt jærte (opplegg til boka ligg på internett), forslag til bøker på udir.no, Vaffelhjarte, Kampen mot superbitchene

Filmar: Kjetil og Kjartan, «Varje dag», Sånn er jeg og sånn er det

Anna: Bitching (står om dette på Time kommune si Olweus side), ha egne jente- og guttegrupper

### **Gode lenker:**

Nrk super

Olweus si heimeside

**Anna:**

Det er laga undervisningsopplegg på alle trinn rundt fylgjande tema:

Empati, å vera ansvarleg, samarbeid, sjølvkontroll/samhandling, sjølvhevdning/sjølvtilitt, humor og glede.

Desse emna skal heile skulen arbeida med samstundes og på den måten sikra eit felles trøkk. Undervisningsopplegga ligg digitalt på 0365.

Skuleåret 2017/2018 skal personalet kursast i Lions Quest sitt undervisningsopplegg; «Det er mitt val». Desse undervisningsopplegga har fokus på sosial kompetanse, og kan brukast i antimobbearbeidet på skulen.

Jærskulen har laga ei nettside om mobbing: [www.tryggskule.no](http://www.tryggskule.no)

På denne nettsida finn ein mykje informasjon om korleis skulane skal opptre i saker der elevane ikkje har eit godt læringsmiljø.

## TIPS FOR Å HINDRA MOBBING

### Rutinar på klasse/trinn-nivå for å hindra mobbing

Trinna/klassane må ha fokus på Olweustimane  
Aktuelle tema må ein ta opp i Olweustimane  
Ein må innarbeida Olweusrutinane i klassane  
Lærarane må visa overfor elevane at dei trivest saman  
Modellera positiv åtferd, trekka fram positiv åtferd  
Dei vaksne må vera synlege i elevmiljøet  
Bruka elevsamtalar regelmessig  
Dei vaksne på trinnet bør kjenna alle elevane, ein kan t.d. eta i ulike grupper  
Den som oppdagar ei uønska hending, må ordna opp i det som har skjedd  
Visa tydeleg at ein bryr seg om elevane  
Grensene på trinnet må vera klare og dei vaksne må handheva desse likt  
Læra elevane å leika  
Bruka friminuttsvenn

